



Lærdal kommune

Utval for miljø og samfunnsutvikling

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 29.01.2026

Møtetid: Kl. 09:00 - 09:55

Møtestad: Lærdal rådhus

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Birgit Olaug Lervik	AP
Olav Grøtnebø	AP
Knut Opdal	H
Maritha Tønjum Skjerdal	SP
Laila Elvagjeng	SV

Møteleiar:	Olav Grøtnebø
Frå adm. møte:	Møtesekretær Ole R. Sælthun, kommunalsjef for teknisk, plan og eigedom Harald Stadheim, prosjektleiar og arealplanleggjar Niklas Aarnio
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Underskrift:

Saksliste

Sak nr	Sakstittel	Gradering
PS-001/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS-002/26	Orientering, meldingar og skriv	
PS-003/26	Anne Margrete Brøyn - konsesjon – buplikt – gnr 75 bnr 1 – ny handsaming - KLAGGE	
PS-004/26	Detaljregulering for riggområde på Håbakken for oppgradering av Lærdalstunnelen - vedtak av plan	
PS-005/26	Detaljreguleringsplan Sløøyne	
PS-006/26	Dispensasjon for garasje - Saltkjelen 44 - Gbnr. 6/49	
PS-007/26	Egon Husabø Kvigne – søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom – fritak for buplikta - GBNR 37/1, Lærdal	
PS-008/26	Marita Husabø Kvigne – søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom – fritak for buplikta – GBNR 37/1, Lærdal	
PS-009/26	Tilbygg/fasadeendring - Bustadhus i Øyragata 61 - Gbnr. 45/27	
PS-010/26	Godkjenning av Møteprotokoll	

001/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjend

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 001/26 Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjend

002/26 Orientering, meldingar og skriv

Kommunedirektøren si tilråding:

Utval for miljø og samfunnsutvikling tek orienteringa til vitande

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling

Saker:

Kommunalsjef for teknisk, plan og eigedom, Harald Stadheim orienterte om:

- Kontakt med Statens Vegvesen om fartsgrense på Erissletta
- Kontakt med Statens Vegvesen om dreneringsplan for rv 5, med tanke på mellom anna dreneringsutfodringar i Bergo
- Arbeid med brannsikringsplanen og tiltaksplanen for verneområdet

Prosjektleiar og arealplanleggjar Niklas Aarnio orienterte om status og framdrifta i flaumsikringsprosjektet.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 002/26 Vedtak

Utval for miljø og samfunnsutvikling tek orienteringa til vitande

003/26 Anne Margrete Brøyn - konsesjon – buplikt – gnr 75 bnr 1 – ny handsaming - KLAGER

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune tek ikkje klagen til fylgje. Vedtak i sak UMS – 035/25 av 27.11.2025 vert ikkje gjort om.

Grunngjeving:

Det ligg ikkje føre nye opplysningar i saka som gjev grunnlag til å imøtekomma klagen.

Klagen vert sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming.

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 003/26 Vedtak

Lærdal kommune tek ikkje klagen til fylgje. Vedtak i sak UMS – 035/25 av 27.11.2025 vert ikkje gjort om.

Grunngjeving:

Det ligg ikkje føre nye opplysningar i saka som gjev grunnlag til å imøtekomma klagen.

Klagen vert sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland for vidare handsaming.

004/26 Detaljregulering for riggområde på Håbakken for oppgradering av Lærdalstunnelen - vedtak av plan

Kommunedirektøren si tilråding:

Utval for miljø og samfunnsutvikling tilrår kommunestyret å gjera følgjande vedtak:

Lærdal kommune vedtek i samsvar med § 12-12 i plan- og bygningslova

Detaljreguleringsplan for riggområde på Håbakken for oppgradering av Lærdalstunnelen
PlanID 4642_2023001.

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 004/26 Vedtak

Lærdal kommune vedtek i samsvar med § 12-12 i plan- og bygningslova

Detaljreguleringsplan for riggområde på Håbakken for oppgradering av Lærdalstunnelen
PlanID 4642_2023001.

005/26 Detaljreguleringsplan Sløøyne**Kommunedirektøren si tilråding:**

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vedtek kommunestyret å gje tiltakshavar løyve til å starta opp arbeid med detaljreguleringsplan for Sløøyne. Planinitiativet og referat frå oppstartsmøtet skal leggjast til grunn for det vidare planarbeidet.

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling**Røysting:**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 005/26 Vedtak

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vedtek kommunestyret å gje tiltakshavar løyve til å starta opp arbeid med detaljreguleringsplan for Sløøyne. Planinitiativet og referat frå oppstartsmøtet skal leggjast til grunn for det vidare planarbeidet.

006/26 Dispensasjon for garasje - Saltkjelen 44 - Gbnr. 6/49**Kommunedirektøren si tilråding:**

Lærdal kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan Saltkjelen § 5 om maks garasjestorleik 35 m² for å byggje ein garasje på 50 m² BYA på følgjande vilkår:

1. Byggeløyet vert gjeve administrativt når dispensasjonssaka er endeleg avgjort.

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 006/26 Vedtak

Lærdal kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan Saltkjelen § 5 om maks garasjestorleik 35 m² for å byggje ein garasje på 50 m² BYA på følgjande vilkår:

1. Byggeløyvet vert gjeve administrativt når dispensasjonssaka er endeleg avgjort.

007/26 Egon Husabø Kvigne – søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom – fritak for buplikta - GBNR 37/1, Lærdal**Kommunedirektøren si tilråding**

Lærdal kommune gjev i medhald av *Konsesjonslova §§ 1,5 andre ledd og 9* Egon Husabø Kvigne, fritak for buplikta ved overtaking av gbnr. 37/1, Kvigno i Lærdal kommune.

Grunngjeving

Lærdal kommune har teke avgjerda med særleg vekt på eigedomen gbnr. 37/1 sitt resurs grunnlag, avkastning og vinterstengd veg som tungtvegande moment i denne saka. Gbnr. 37/1 er ein eigedom som ligg på Kvigno i Erdal, den er utan driftsgrunnlag og vegen dit er vinterstengd, dette er særlege grunnar for at søkjar får innvilga søknad om fritak for buplikta. Det er om lag 70 år sidan eigedomen hadde heilårsbusetting.

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling**Røysting:**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 007/26 Vedtak

Lærdal kommune gjev i medhald av *Konsesjonslova §§ 1,5 andre ledd og 9* Egon Husabø Kvigne, fritak for buplikta ved overtaking av gbnr. 37/1, Kvigno i Lærdal kommune.

Grunngjeving

Lærdal kommune har teke avgjerda med særleg vekt på eigedomen gbnr. 37/1 sitt resurs grunnlag, avkastning og vinterstengd veg som tungtvegande moment i denne saka. Gbnr. 37/1 er ein eigedom som ligg på Kvigno i Erdal, den er utan driftsgrunnlag og vegen dit er vinterstengd, dette er særlege grunnar for at søkjar får innvilga søknad om fritak for buplikta. Det er om lag 70 år sidan eigedomen hadde heilårsbusetting.

008/26 Marita Husabø Kvigne – søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom – fritak for buplikta – GBNR 37/1, Lærdal

Kommunedirektøren si tilråding

Lærdal kommune gjev i medhald av *Konsesjonslova §§ 1,5 andre ledd og 9* Marita Husabø Kvigne, fritak for buplikta ved overtaking av gbnr. 37/1, Kvigno i Lærdal kommune.

Grunngjeving

Lærdal kommune har teke avgjerda med særleg vekt på eigedomen gbnr. 37/1 sitt resurs grunnlag, avkastning og vinterstengd veg som tungtvegande moment i denne saka. Gbnr. 37/1 er ein eigedom som ligg på Kvigno i Erdal, den er utan driftsgrunnlag og vegen dit er vinterstengd, dette er særlege grunnar for at søkjar får innvilga søknad om fritak for buplikta. Det er om lag 70 år sidan eigedomen hadde heilårsbusetting.

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 008/26 Vedtak

Lærdal kommune gjev i medhald av *Konsesjonslova §§ 1,5 andre ledd og 9* Marita Husabø Kvigne, fritak for buplikta ved overtaking av gbnr. 37/1, Kvigno i Lærdal kommune.

Grunngjeving

Lærdal kommune har teke avgjerda med særleg vekt på eigedomen gbnr. 37/1 sitt resurs grunnlag, avkastning og vinterstengd veg som tungtvegande moment i denne saka. Gbnr. 37/1 er ein eigedom som ligg på Kvigno i Erdal, den er utan driftsgrunnlag og vegen dit er vinterstengd, dette er særlege grunnar for at søkjar får innvilga søknad om fritak for buplikta. Det er om lag 70 år sidan eigedomen hadde heilårsbusetting.

009/26 Tilbygg/fasadeendring - Bustadhus i Øyragata 61 - Gbnr. 45/27

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune gjev løyve til fasadeendring på Øyragata 61, gbnr. 45/27, på følgjande vilkår:

1. Trappehuset skal opnast opp i tråd med slik det såg ut tidlegare, vi viser her til bilete i saka.
2. Trappehuset og rekkverka skal ha ein open, enkel og tradisjonell utforming, med tradisjonelle material (furu/linoljemaling osv?).

Lovheimel

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 21-4, jf. §§ 20-1 c og 20-4.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet, med dei kart og teikningar det viser til, alltid vere på byggeplassen. Eventuelle endringar må godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
2. Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltak utførast i samsvar med dei krav som følgjer av føresegn gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl 23-1 første ledd.
3. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest evt. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl. § 21-10.

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 009/26 Vedtak

Lærdal kommune gjev løyve til fasadeendring på Øyragata 61, gbnr. 45/27, på følgjande vilkår:

1. Trappehuset skal opnast opp i tråd med slik det såg ut tidlegare, vi viser her til bilete i saka.
2. Trappehuset og rekkverka skal ha ein open, enkel og tradisjonell utforming, med tradisjonelle material (furu/linoljemaling osv?.)

Lovheimel

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 21-4, jf. §§ 20-1 c og 20-4.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet, med dei kart og teikningar det viser til, alltid vere på byggeplassen. Eventuelle endringar må godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
2. Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltak utførast i samsvar med dei krav som følgjer av føresegn gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl 23-1 første ledd.
3. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest evt. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl. § 21-10.

010/26 Godkjenning av Møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokoll vert godkjend

29.01.2026 Utval for miljø og samfunnsutvikling

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

UMS - 010/26 Vedtak

Møteprotokoll vert godkjend